

Frank Olav Titland
Dalane 38
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6762 - 21/56296

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
26.08.2021

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 129/70 Titland søndre

Tiltak: Søknad om utslepp
Byggjestad: Gbnr: 129/70
Tiltakshavar: Frank Olav Titland
Ansvarleg søkjar: Stendal Vvs AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.08.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. **Nabovarsling.** Søknaden skal nabovarlas i samsvar med forureiningsforskrifta §12-4, 2.
2. **Kart/situasjonsplan.** Vedlagte kart/situasjonsplan er ikkje målsett. Det må påførast avstand til bygningar, offentleg veg og tomtegrense. Det er Forureiningsforskrifta §12-4 bokstav d sett krav om kart i målestokk 1:5000. Vedlagt kart i målestokk 1:500 og 1:5000 skal nyttast.
3. **Minireanseanlegg.** Det må opplysast om produsent og anleggstype.
4. **Serviceavtale.** Det må sendast inn signert serviceavtale for årleg service av minireinseanlegget.
5. **Søknad etter Plan- og bygningslova.** Me gjer merksam på at tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Arbeida kan ikkje setjast i gang før dette ligg føre godkjenning etter Plan- og bygningslova.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 26.09.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Frank Olav Titland
Stendal Vvs AS

Dalane 38
Blombakken 1

5955 LINDÅS
5911 ALVERSUND